

Vekeplan 8. trinn

Veke 22 og 23

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	<ul style="list-style-type: none"> • Kunna analysera/tolka eit dikt og ein songtekst • Kunna forklara og snakka om språklege verkemiddel • Lesa og snakka om litteratur
Engelsk	<ul style="list-style-type: none"> • Oppsummering av skuleåret i engelskfaget • How to write a summary and include key points • Multilingualism og språkbevissthet
Matematikk	<ul style="list-style-type: none"> • Repetisjon av alle læringsmåla frå kapittel 1-4
Samfunnssfag	<ul style="list-style-type: none"> • Gjera greie for jordbruksrevolusjonen • Gjera greie for den industrielle revolusjonen • Diskutera positive og negative verknader av den teknologiske utviklinga • Diskutera om ny teknologi kan løysa miljøproblema i verda
KRLE	<ul style="list-style-type: none"> • Utforska og samanlikna etiske idear i filosofihistoria og bruk dei til å drøfta aktuelle etiske spørsmål • Utforska eksistensielle problemstillingar og finna løysingar som er baserte på erfaringane dine • Utforska andre sine perspektiv og handtera usemje • Reflektera over eksistensielle spørsmål som er knytte til det å veksa opp og leva i eit mangfaldig og globalt samfunn • Utforska og drøfta aktuelle etiske spørsmål som er knytte til menneskerettar, berekraft og fattigdom
Naturfag	<ul style="list-style-type: none"> • Diskutera kva som er meint med omgrepene seksualitet • Diskutera kvifor det er viktig at ungdom kjenner sin eigen kropp og sine eigne grenser • Gjera greie for korleis kjønnsorgana er bygde opp, og kva funksjon dei ulike delane har
Spansk	<ul style="list-style-type: none"> • Skriva om kva ein har på seg av klede • Sterke verb: IR og QUERER (diftong) • Snakka om skulen sin
Tysk	<ul style="list-style-type: none"> • Snakka og skriva om familie, vennar, interesser
Eng fordj	<ul style="list-style-type: none"> • Jobba med grammatikk og øva på fleirtal og typiske feil
Kroppsøving	<p>Fotball:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trena på og utvikla ferdigheter i varierte bevegelsesaktivitetar • Trena på og utvikla ferdigheter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/<u>individuelle idrettar</u>. <p>Symjing:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utføra varierte symjeteknikkar og kunna symja ein lengre distanse basert på eiga målsetjing <p>Innsats:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre • Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
K&H	<ul style="list-style-type: none"> • Fordjupa deg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforska ulikskapar gjennom praktisk skapande arbeid og presentera val frå idé til ferdig resultat
Kantine	<ul style="list-style-type: none"> • Laga god og ernæringsriktig mat • Halda god hygiene

	<ul style="list-style-type: none"> • Jobba med rekneskap og plakatdesign • Gjennomføra sal • Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøkter
Olweus	<ul style="list-style-type: none"> • Vera ein god klassevenn • Visa empati og omtanke for andre

INFORMASJON TIL HEIMEN

17. mai

Tusen takk til alle elevane som kom og deltok i barnetoget på 17. mai. Me er stolte av den flotte ungdommen som gjekk så fint i toget.

Utdanningsval (UTV)

Me er nå i full gang med faget utdanningsval. I sist veke starta innovasjonscampen, der me fekk ei oppgåve som elevane i grupper skal prøva å løysa. Ein fengeselsbetjent fortalte om korleis mange i fengsel føler seg utanfor og aleine, og dermed kjem i feil miljø for å finna seg vennar. Ugt entreprenørskap ga elevane følgjande oppgåve: "Kan dokker i saman koma fram til ein knallgod ide som kan skapa godt felleskap blant ungdom, slik at færre ungdommar føler seg einsame eller utanfor". På måndag skal elevane presentera løysinga si for ein deljury, og så blir det ein superfinale i aulaen med premier for beste forslag.

I veke 23 skal me ha bedriftsbesøk, der kvar klasse får besøk av 4 ulike bedriftar. Dei vil snakka om bedrifta si, men og om kva type yrke dei treng i bedrifta si og kva utdanning ein treng for å få seg jobb.

Garborgtur

I veke 23 skal me på busstur til Time bygdemuseum og Knudaheio. Time bygdemuseum inneheld meir enn tusen innsamla gjenstandar frå Time, med hovudvekt på bondesamfunnet på 1800- og 1900-talet.

Knudaheio er eit jærhus forfattaren Arne Garborg brukte som diktarstove dei siste 25 åra av livet sitt, frå 1899 til 1924. Både Arne og ektefellen Hulda Garborg er hauglagde her.

Saman med formidlarar frå Time historielag og Garborgsenteret vil elevane få høyra om korleis det var å bu i Time i gamle dagar, og dei vil få sjå diktarstova og høyra forteljingar om Arne Garborg.

Elevane kan ta med seg grillmat på denne turen

Fridagar

Elevane har fri 29.-30. mai, då det er Kristihimmelfart på torsdagen.

Jobbskugging (UTV)

Torsdag 12. juni skal elevane ut i jobbskugging. Elevane skal då vera med ein vaksen dei kjenner ein heil arbeidsdag. Elevane vil i neste veke få utdelt ein lapp med informasjon og der ein fyller ut kor ein skal arbeida.

Helsing oss på 8.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato

Norsk	Fagsamtale dikt/songtekst	Karakter	Veke 21, 22 og 23
Naturfag	Fagsamtale om energi	Karakter	Veke 21, 22 og 23
Matte	Heildag årsprøve	Karakter	Veke 23
Spansk	Munnleg vurdering (Kristian si gruppe)	Karakter	Veke 22 og 23

HEIMEARBEID VEKE 22

Norsk	Førebu deg til fagsamtale om eit dikt/ein songtekst. Les 1 gong 20 minutt i boka di. Hugs sidetal i slutten av veka.
Engelsk	A,B og C: Jobb med presentasjonen din, lever inn veke 23 (sjå ON / Teams)
Matematikk	Øv til heildagsprøve, tysdag i veke 23.
Samfunnssfag	Bruk 10 minutt på å øva på kart. Hugs å trykka på det norske flagget slik at du får opp landa på norsk: 1. Kontinent og sjø: Europe: Countries - Map Quiz Game - Seterra 2. Europa: Europe: Countries - Map Quiz Game - Seterra 3. Midtøsten: The Middle East: Countries - Map Quiz Game - Seterra
Naturfag	Førebu deg til fagsamtale om energi, kapittel 7 & 8.
Spansk	Lever teksten om skulen.
Tysk	Sjå oppgåver på onenote veke 22
Eng fordj	Oppgaver i ON
Kroppsøving	Fotball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Kantine	Vegard si gruppe møter på kjøkken. Husk innesko, forkle, hårstreikk og iPad Anne Marie si gruppe møter i klasserommet

HEIMEARBEID VEKE 23

Norsk	Les 3 gonger 20 minutt i boka di. Hugs sidetal.
Engelsk	A, B og C: lever inn presentasjonen din (i Teams), innleveringsfrist: 08.06
Matematikk	Øva til heildagsprøve, tysdag i veke 23.
Samfunnssfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om <u>to</u> av nyheitssakene.
Naturfag	Les artikkelen om forelsking frå forsking.no. Svar på desse spørsmåla: Kvífor vert me menneske forelska? Kva for to hormon er knytt til forelsking? Kva verknad har dei?
Spansk	Lever teksten om skulen.
Tysk	Sjå oppgåver på onenote veke 23
Eng fordj	Oppgaver i ON

Kroppsøving	Fotball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera <u>inne</u> . Symjing: Partalsveker: 8AD. Oddetalsveker: 8BCE
Kantine	Bedriftsbesøk kl 09.00

